

Referat etter SMU- møte Hordabø skule 14.01.2015

Desse møtte:

Esben Helland, FAU-leiar

Mette Marøy, FAU

Maria Marøy, SFO-leiar

Anders Kvalheim, elev

Ulrikke Haugland, elev

Anne-Berit Bø Palmesen, politisk representant

Hanne-Mari Engen, rektor

Rektor informerte om skulemiljøutvalet (SMU) sitt mandat. Me gjekk og gjennom kommunal rettleiar frå kommunalsjef Jo Tømmerbakke, om kva som er SMU si rolle.

Me snakka om elevane sin trivsel på skulen. Elevrådet meinte det er godt miljø på skulen. På den siste elevundersøkinga låg me under landsgjennomsnittet når det gjeld mobbing.

Skulen jobbar systematisk for å førebyggja mobbing. Kvar månad har heile skulen eit felles sosialt mål. Denne månaden har me til dømes: *Får du lyst til å slå, skund deg å gå*. I starten av månaden har me ei felles zerosamling for alle elevane i gymsalen, der ein av klassane har ansvar for å informera temaet. Etter dette har kvar klasse møte om temaet, der elevane får samtala om kva dei opplever på skulen, i forhold til temaet. Målet er å auka sosial kompetanse og å unngå mobbing.

Neste møte i SU og SMU vert onsdag 18. mars 2015.

Referent Hanne-Mari Engen, referent

